Statsforvalteren i Rogaland

# Ang. Klage på støy og støv ref sak 2024/1926


Viser til brev av 28.06.2024 ang. klage på støy og støv frå naboar av anleggsvirksomhet på gnr 63, bnr 18 i Hjelmeland kommune.

Me takkar for utsett svarfrist pga ferieavvikling.

Me held på med grunnarbeid for ny butikk på området, og det er mykje fjell som skal sprengast og transporterast vekk. Arbeidet starta i veke 24, og me reknar med å vere ferdige med knusing av massar i løpet av september.

Det har vore lang leveringstid på montering av støv og støymåling, men Forcit Consulting monterte dette i starten på juli.

Målarane er hengt opp på garasjeveggen til Puntsnes 4, og det er Forcit Consulting som har bestemt kor dei skal monterast for å måle belastninga for området rundt. Anleggsområdet er merka med gult og målerar er ved grønne punkt.




Tlf: 948 30 270 Viganeset 95 4130 Hjelmeland Bankgiro 3520.61.09430 Orgnr: NO 918 063 005 MVA

Vanlegvis er arbeidstida på anlegget 07 – 19, men nokre dagar er det 7-15.30 og fredagar sluttar me alltid klokka 13.00.

Knusaren vert flytta kontinuerlig etter kvart som me får meir plass på området, og vil etter kvart stå meir bak bygget på Ryfylkevegen 6969. Me har også holdt igjen ein fjellvegg ut mot veg og byggefelt for å redusere støy.

For å minske støvmengden er det montert 6 dyser på knusaren som sprutar vatn heile tida, og det er hengt opp duk på byggegjerdet for å redusere støy mot byggefeltet.

Vedlagt ligg rapport for støy og støvmålingar for dei 4 dagane det er jobba etter ferien. (29. juli . t.o.m 1. august) Anlegget har vore i full drift desse dagane, men det var ikkje stein til knusing på måndag, og knusaren var ikkje i drift denne dagen.

Støv- og støymåling vil bli utført fram til arbeidet på anlegget er avslutta, og me kan sende rapportar for ønska tidsperiode etter kvart.

Ta kontakt om de treng fleire opplysningar.

Hjelmeland; 01.08.2024

Med vennleg helsing
Natland Graveservice as

Morten Natland
dagleg leiar

Tlf: 948 30 270 Viganeset 95 4130 Hjelmeland Bankgiro 3520.61.09430 Orgnr: NO 918 063 005 MVA